



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 26.11.2020
Møtestad: Brannstasjonen på Mo
Møtetid: 09:00 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr **Tittel**

- 038/2020 Godkjenning av innkalling og saksliste
- 039/2020 Godkjenning av møteprotokoll
- 040/2020 Orienteringssaker
- 041/2020 Revisjon av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS
- 042/2020 DigiVestland - Regionalt samarbeide om digitalisering i Vestland
- 043/2020 Deltaking i Voss - Osterfjorden vassområde
- 044/2020 Budsjett og økonomiplan 2021-2024

Notat frå møtet:

038/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

039/2020: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

040/2020: Orienteringssaker

Behandling:

Formannskapet uttrykte ynskje gjennom refleksjonsøkt om behov for ulike interkommunale samarbeid kommunen tek del.

Nytteverdi i forhold til deltaking og finansiering – kva kjem ut av prosjekta kommunen tek del i.

Ordførar orienterte om at referat frå styremøte i Modalen Næringsbygg kjem som referatsak i neste kommunestyremøte.

Ordførar orienterte om samarbeid med Invest in Bergen om utarbeiding av strategidokumentet i forhold til evt etablering av datasenter i Modalen. Dokumentet kan inngå som del av strategisk næringsplan, og vere med på å tydeleggjere kva prosessar ein må gjennom dersom kommunen ynskjer å gå vidare med saka.

Formannskapet bed administrasjonen om å lage sak til neste kommunestyremøte ang evt forlenging av koronarelatert bruk av næringsfondet inn i 2021. Vedtakt gjeld førebels ut 2020.

Rådmannen svara på spørsmål om kriseleiinga sine vurderingar bak koronarelaterte spørsmål og innførte tiltak, råd og anbefalingar.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

041/2020: Revisjon av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Behandling:

Rådmann og ordførar orienterte om saka og svara på spørsmål
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune godkjenner revidert selskapsavtale med fylgjande endringar:

- 1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.**
 - 2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.**
 - 3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.**
 - 4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.**
-

042/2020: DigiVestland - Regionalt samarbeide om digitalisering i Vestland

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om kva IKT Nordhordland sin funksjon er som driftorganisasjon for kommunal infrastruktur. IKT-NH er eigd av 10 samarbeidskommunar.
DigiVestland omhandlar framtidig digitalisering av offentleg sektor - også utover den enkelte kommune. Frå 2020 er det planen at alle kommunar i Vestland tek medansvar for finansiering framover. Modalen som liten kommune er avhengig av den regionale utviklinga då me skal levere tenester på same nivå som andre kommunar.

Liv Anne Aanesen spurde om digitaliseringa innanfor dei ulike tenestene våre vert samkøyrte.
Rådmannen viste til at det vert samkøyrte ein del digitale løysingar i regi av IKT-NH, medan dei større nasjonale/regionale utviklingsområda skjer gjennom DigiVestland. KS er ein sentral samarbeidsaktør i DigiVestland.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det den ligg føre i saksframlegget

043/2020: Deltaking i Voss - Osterfjorden vassområde

Behandling:

Ordføreren innleia med å kort orientere om berekraftig forvaltning av vassområda i Voss - Osterfjorden. Viste m.a. til oppstart av VA-plan for Modalen som eit godt utgangspunkt. Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vert med på spleiselag for drift av vassområdet Voss – Osterfjorden i regi av Vestland fylkeskommune.

For Modalen vil deltakinga i samarbeidet koste kr 12 654,- i 2021, og kr 25 309,- i året frå 2022 – 2027. Prisane vert årleg indeksregulert.

044/2020: Budsjett og økonomiplan 2021-2024

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte og svara på spørsmål.

Formannskapet ba om at det vart lagt til to tekstpunkt på investeringbudsjettet i økonomiplanen, uten at det vart lagt inn konkrete summar. Punkta gjeld uteområdet på Mo skule og tilrettelegging for bustadareal.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

1 Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2021-2024 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett- og økonomiplandokumentet.

2 Eigedomsskatt 2021:

For eigedomsskatteåret 2021 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd

Eigedomsskatten for 2021 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar i praksis kun kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

3 Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2021. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

4 Låneopptak til finansiering av investeringar i 2021 vert fastsett til kr 27 740 000. Lånet er heimla i kommunelova § 14—15, fyrste ledd (finansiering av investeringar i varige driftsmidlar som skal eigast av kommunen sjølv). Låneopptaket gjeld nytt nærings- og tenestesenter. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

5 Betalingssatsar for 2021 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2021.
